



# Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

## Klima- og miljødepartementet - KLD

Postboks 8013 Dep.  
**0030 OSLO**

Att.: Tom Rådahl

Vår dato: 25. januar 2019

## Stortingsmeldingen om kulturminnepolitikken - INNSPEL

**Stiftelsen Norsk Kulturarv (SNK) vart oppretta i 1993 av Oppland fylkeskommune og har 29 innskytarar av eigenkapital, hovudsakleg frå offentlig sektor. Norsk Kulturarv hadde ved utgangen av 2016 1100 enkeltmedlemmer, 265 næringsmedlemmer og 100 kommunar med samarbeidsavtale. 134 bedrifter er pr. dags dato tildelt kvalitetsmerket Olavsrosa.**

### **Norsk Kulturarvs visjon er Vern gjennom bruk.**

Utvikling av nye næringer gjennom bruk av kulturarvverdier er ein vesentleg del av Norsk Kulturarvs arbeid. Norsk Kulturarv bidrar på denne måten til verdiskaping. Kulturminne som blir brukte aktivt, skapar tilhøyr og identitet. Aktiv bruk er ein viktig premisse for ein levande og mangfaldig kulturarv. Kulturarven er kjelde til livskvalitet gjennom gode opplevingar, samtidig som kulturarven gir grunnlag for næringsdrift. Inntekter som blir skapte, kan i neste omgang bli tilbakeført til vernearbeidet.

- Norsk Kulturarv er ein interesseorganisasjon med formål å sikre kulturarven vår for komande generasjonar gjennom berekraftig bruk langs kysten, i innlandet og i bystrøk.
- Norsk Kulturarv er open for medlemskap for bedrifter, kommunar, fylkeskommunar, regionråd, organisasjonar og enkeltpersonar.
- Norsk Kulturarv arbeider med haldningsskapande verksemd, informasjon og formidlar verdier som **inspirasjon, kunnskap og identitet**.
- Norsk Kulturarv skal profilere seg gjennom aksjonar, Olavsrosa, prosjekt og spesielle produkt.

### **Hovedmålsettingar:**

- Norsk Kulturarv skal ivareta interessene til eigarar og brukarar av freda og verneverdige kulturminne
- Norsk Kulturarv skal arbeide for og delta aktivt i forsvarleg næringsutnytting av kulturarven
- Norsk Kulturarv skal gjennom økonomisk og fagleg bistand drive aktivt kulturminnevern med heile landet som arbeidsområde.
- Norsk kulturarv skal i alt sitt virke arbeida for å skapa inspirasjon, engasjement og auka kunnskap om kulturarv hjå barn og unge.



# Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION



*DS Bjoren, Bygland, og DS Skibladner, Gjøvik.*

## 1. BARN OG UNGE

For å understreke viktigheita av å involvere dei unge i arbeidet med ivaretaking av den felles kulturarven, har Norsk Kulturarvs styre vedteke ei fjerde overordna målsetting for arbeidet vårt:

- ❖ **Norsk kulturarv skal i alt sitt virke arbeida for å skapa inspirasjon, engasjement og auka kunnskap om kulturarv hjå barn og unge.**

Vi har trua på at dei unge som lærer å kjenne og verdsetja historie og kulturarv, også vil vera betre rusta til å møte både fortida og framtida med respekt. Å ta med seg kulturarven vidare til komande generasjonar, er ei av dei viktigaste oppgåvene våre. Dette blir gjort på den beste måten gjennom involvering – Deltaking, utforskning og bruk. For eksempel gjennom det frivillige kulturvernet og tilhøyrande lag og organisasjonar, men òg via privatpersonar, kommunar, fylkeskommunar, museum og samlingar og andre. Slik får barn og unge delta aktivt i kulturvernarbeid, og på den måten får dei ei større forståing for handverket, historien og kunnskapen.

Mange av Kulturvernforbundets medlemsorganisasjonar har ei rekkje tilbud der barn og ungdom blir involverte og aktiviserte. Det er særleg Sparebankstiftelsen DNB som har vore viktig økonomisk bidragsytar i arbeidet. For eksempel fekk prosjektet «Historiske toll- og skipsanløpslister» ved Norsk lokalhistorisk institutt støtte i 2015 for å lage ei vandreutstilling og eit undervisningsopplegg. I 2017 fekk Landslaget for lokalhistorie 3,26 millionar kroner til det treårige prosjektet «Lokalhistorie i skolesekken» (del av Den kulturelle skulesekken). Gjennom informasjonsarbeid, veiledning og utviklingstilskott skal historielag over heile landet formidle lokal kulturarv til barn og unge. Dette prosjektet blir gjort i samarbeid med Museumsforbundet, Kulturtanken, Riksantikvaren og Kulturvernforbundet.

Forbundet KYSTEN tilbyr «Seilcamp for ungdom», og Norges Husflidslag har si store satsing på barn og unge ved at 126 av lokallaga tilbyr «Ung Husflid».

I Norsk Kulturarv har vi aksjonane «Rydd et kulturminne» og Norsk Smaksskule.

Dette berre for å nemne nokre av dei flotte prosjekta i kulturarv-Norge.

Om ikkje det skulle vera nok;

Nå lanserar Norsk Kulturarv i samband med 25-års-jubileet eit undervisningsopplegg for alle landets skular. Også her har Sparebankstiftelsen DNB bidrege – Dei tildelte oss 656 250 kroner til arbeidet. Skal framtidas generasjonar ta vare på kulturarven, må dei bli introduserte for den !

- **Kulturarven må få ein sentral plass i Den kulturelle Skolesekken (DKS). Ikkje minst via involvering av frivilligheita og dei private eigarane av kulturminne.**



## 2. HANDVERK OG HANDVERKSUTDANNING

Ref uttale frå Yrkesfaglig utvalg for immatriell kulturarv og verneverdige fag – «**LENGE LEVE TRADISJONSHÅNDVERKET!**», presentert 1. mars 2016.

**Skal ein oppnå god restaurering av kulturminne må ein ha godt kvalifiserte handverkarar til å utføre arbeidet.**

I Norge har vi eit stor tal verneverdige bygningar som det er ønskje om å ta vare på. Mange har eit formelt vern etter Kulturminnelova eller Plan- og bygningslova.

**Skal ein nå målsettingane innan vernet av kulturminne må ein også ha spesialiserte handverkarar som kjenner gamle byggmåtar og teknikkar, materialbruk og lokal byggeskikk.**

Dagens formelle utdanningstilbod i Norge har ikkje ordningar som gir kompetanse innanfor dette spesielle fagfeltet. Her er det snakk om ei opplæring som byggjer på ei grunnleggande handverksutdanning og fører fram til ei spesialisering.

I denne opplæring er herming etter personar som kan faget og omfattande øving naudsynt for å bli ein god utøvar. Dette er opplæring som er vanskeleg å putte inn i dagens etablerte høgskole- og universitetssystem. Men samtidig er det viktig at dei som får slik opplæring kan oppnå ein formell utdanningsgrad. Innanfor anna “handlingsboren” kunnskap med sterk grad av spesialisering som i kunstfag er det akseptert at ein må lære på ein slik måte, men innanfor byggfaget er det endå ikkje på plass.

Ein modell kan vere å lage eit høgskolestudium der ein kombinerar teori med stor grad av praktiske øvingar. Men då er det viktig at dei praktiske øvingane kan gjerast i eit miljø som har denne kompetansen og som kan ha naudsynt tilgang på øvingsoppgåver.

Skal ein bli god til å setje istand ei bygning, må ein kjenne til korleis den er bygt og det må lærast gjennom bygging av kopiar av eldre hus. Med den kunnskapen i botn kan ein ha nok innsikt til å vite korleis ein set istand. I landet vårt har vi ulike byggeskikkar og byggemåtar frå landsdel til landsdel.

Det er viktig at desse regionale forskjellane også blir tekne vare på og vidareført.

Det får ein best til gjennom å legge øvingsarenaer/byggghytter for opplæring ute i distrikta.

Vi har i dag nokre slike etablerte fagmiljø, mellom anna Senter for bygdekultur på Hjerleid i Dovre kommune og Husasnotra ved Geitbårmuseet i Halså kommune.

På begge dese stadane har ein dreve opplæring av “næmingar” over lengre tid med godt resultat.

**På denne bakgrunnen er det eit krav frå oss at styresmaktene legg til rette for å opprette slike spesialiserte handverksutdanningar i dei ulike regionane i landet vårt. Med tanke på målet om at alle freda bygningar skal vera i akseptabel vedlikeholdsmessig stand, er det verkeleg på høg tid å koma i gang !**



# Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

## 3. VERDISKAPING – VERN GJENNOM BRUK

«Gjennom målretta og systematisk arbeid har kulturminneforvaltninga lagt vekt på vern gjennom bruk, då dette er den beste forvaltninga av kulturminna. Prosjekta medverkar til utvikling av lokalsamfunn og lokalt næringsliv. Satsing på kulturminne som ressurs, medverkar til positiv utvikling av byar og stader. Kulturminneforvaltninga er ikkje næringsutviklar, men skal leggje til rette for at andre aktørar kan drive næringsutvikling i tilknytning til kulturminna.»

Statsbudsjettet 2016, «Kulturminne og kulturmiljø - Nasjonale mål»

Heilt sidan Norsk Kulturarv vart oppretta i 1993 har visjonen vår vore **Vern gjennom bruk**. Dei tre velvalgte orda vart nedskreive av grunnleggaren vår, Christian Sulheim, og står seg betre i dag enn nokon gong tidlegare. Vi har heile tida hevda at aktiv bruk er ein viktig premis for ein levande og mangfaldig kulturarv. Vi bidreg på denne måten til verdiskaping – Kulturminner som blir brukte aktivt, skapar tilhøyrgheit og identitet.

Bevaring av kulturminner lønner seg – Det er god butikk for statskassa og storsamfunnet. På litt over ti år har statleg støtte frå Norsk Kulturminnefond til reparasjon av gamle bygningar utløyst privat innsats verdt ein milliard kroner ! Kvar krone det offentlege tildeler kulturminnevernet kan multipliserast med tre for å finne den eigentlege verdien; Eigaren spyttar inn eigne midler og arbeidsinnsats, landets stiftelsar bidreg økonomisk, og våre aksjonar i Norsk Kulturarv kan frå tid til annan vera ein utløyssande faktor for at arbeidet blir satt i gang. Dette gjev mengder av oppdrag til lokalt næringsliv, staten får skatte- og avgiftsinntekter, og storsamfunnet ser enda eit berga kulturminne.

### **Dei private eigarane og frivilligheita er livsnødvendig for kulturminnevernet !**

Kulturvernforbundet der Norsk Kulturarv er ein av 24 medlemsorganisasjonar, teller til saman rundt 2000 lokallag og meir ann 230 000 medlemmar. Desse eldsjelene jobbar frivillig med å ta vare på den materielle og immaterielle kulturarven vår. **Verdien av den årlege frivillige innsatsen i kulturminnevernet er av Kulturvernforbundet anslått till opp mot 2 milliardar kroner.**

**Frivillighetsmeldingen** (Stortingsmelding 10 (2018-2019)) – «Frivilligheten – sterk, selvstendig, mangfoldig» slår fast følgjande:

«Frivillig innstas er ikke bare dugnadsinnsats og arbeidskraft, men også kompetanseformidlende, tradisjonsbærende og folkehelsefremmende.

*Frivillige organisasjoner er videre en viktig lyttepost som kan brukes for å få kunnskap om behov og utvikling»*

Europa Nostras rapport «**Heritage Counts for Europe**» (oversatt til norsk med tittelen «Kulturarven er verdifull for Europa») vart utarbeidd på oppfordring frå EU-kommisjonen, som klart ga uttrykk for at dei måtte ha eit betre underlag for å kunna underbygge sin økonomiske støtte til kulturminnesektoren.

Formålet med rapporten er å –

- Syne kulturarvens verdi som strategisk ressurs for eit bærekraftig Europa.
- Auke den offentlege bevisstheita rundt denne ressursen.
- Presentere strategiske anbefalingar til beslutningstakarar i Europa.



# Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION



## A) Rapporten «Vern gjennom bruk – Hva hindrer næringsvirksomhet med utgangspunkt i kulturminner»

Mange av våre medlemmar – aktørar i landbruket som har dreve utstrakt nytenking på gardane sine – møter store utfordringar når det gjeld **omdisponeringa av landbruksbygg** til kommersiell virksomheit:

- Mattilsynet
- Brann og rømning
- Universell utforming
- Byggeforskrifter med krav til bærekonstruksjoner etc
- Servering, sal og skjenking av egne produkt

**Kommersialisering** blir viktig ! Ikkje alle gardbrukarar er like flinke på markedsføring og økonomi som dei er på gardsdrift. Naturleg nok.

Dette blir det viktig å profesjonalisere seg på. Vertskapsrollen. Produktutvikling. Markedsføring, ikkje minst bruken av nye kanalar. Etc. etc.

Det må tilbys skoling og ekstærn hjelp.

Gjennom våre kanalar, bidreg Norsk Kulturarv til dette i stor grad. Ein stor del av våre næringsmedlemmar og Olavsrose-innehavarar er aktørar i landbruket. Vi gjev dei profilering på nette, i magasinet vårt, via samarbeid med NAF og andre.

Med støtte frå Riksantikvaren engasjerte Norsk Kulturarv analyseselskapet Oslo Economics i arbeidet med å kartlegge kva utfordringar ein blir møtt med i arbeidet med å leggje til rette for kommersiell aktivitet i og rundt landets kulturminne.

Responen på rapporten har vore veldig god – frå eigarar, kommunar, fylkeskommunar og presse. Det er tydeleg at tema har relevans for mange, og at ein bør benytte anledninga til å belyse det ytterlegare.

I etterkant av rapporten skisserar Oslo Economics ei oppfølging der ein konsentrerer seg om 4 av 6 tiltak skisserte i den opprinnelege rapporten:

- Tiltak 2: Justering av praksis i myndigheitsutøvelsen
- Tiltak 3: Eksempelsamling
- Tiltak 4: Kompetanse- og servicesenter
- Tiltak 5: Tydelege retningslinjer





# Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

Oppland Fylkeskommune er ein av instansane som har teke tak i rapporten og ønskjer å bruke den i verdiskapings-arbeidet sitt.

**I 2018 løyvde Riksantikvaren ytterlegare midler til Norsk Kulturarv for å få anledning til å sjå nærare på utfordringane skisserte i Oslo Economics sin rapport. Rapporten vil bli presentert i løpet av 2019.**

## **B) Kulturlandskapet – Verdifull natur- og kulturarv går tapt**

Kulturlandskapet er skapt gjennom lang og kontinuerleg bruk for å produsere mat. Beiting, slått, brenning og hausting av lauv på tre er dei gamle tradisjonelle driftsformene som har bidrege sterkt til variasjonen i naturtyper i kulturlandskapet, og til varierte landskap.

Innmarka har gjennomgått store endringar det siste århundret. Det skuldast intensivering av jordbruket og meir rasjonelle driftsformer. I dag finns det berre små restar av slåtte- og beiteareal som ikkje er gjødsla, dyrka opp eller gjengrodd. Mykje av det biologiske mangfaldet i innmarka har difor dårlege kår og mange artar er trua.

Færre husdyr på utmarksbeite, langt mindre utmarksslått, kraftig redusert og opphørt brenning av lyngheier og endringar i skogsdriften gjer at gjengroinga er tydeleg i store delar av utmarka. Utviklinga er ulik i ulike delar av landet.

**Gjengroing** av kulturlandskapet er i fyrste rekkje ei utfordring med tanke på at kulturlandskapet i seg sjølv er avgjerande for opplevelsen vår av omgivelsane. I neste omgang trugar også gjengroinga kulturminner – særleg i sætergrender på fjellet, gjerder og murar, ferdsselsårer, fangstanlegg og gamle busettingsplassar.

### **Rydding og beitedyr blir avgjerande !**

For kulturlandskapet og for kulturminnene er det avgjerande at eigarane har økonomisk moglegheit til å utføre det viktige vernearbeidet på ein forsvarleg måte.

## **C) Dekning av kostnader til arkeologiske utgravingar i landbruket**

Mange kulturminne ligg på landbrukseiendommar. Bonden driv stadbunden næring. Til forskjil frå mange andre næringsdrivande kan ikkje virksomheita flyttast eller etablerast på andre areal. Både ved nydyrking i større omfang, og ved oppføring av bygningar kan det påløpe betydelege kostnader til arkeologiske utgravingar. I eit tilfelle frå 2018 vart kostnaden til utgravingar anslått til NOK 700.000 for kartlegging av arealet til ei fjøstomt.

Investeringar i jord og bygningar er heilt avgjerande for å kunna auke norsk matproduksjon. I mange tilfeller er det behov for å byggje på eller byggje nye bygningar for å ivareta behovet for god dyrevelferd, og skape attraktive og sikre arbeidsplassar. Med næringsas relativt svake lønnsomheit kan kostnadane til arkeologiske utgravingar medføre at investeringane ikkje let seg gjennomføre.

- **Kostnadane til arkeologiske utgravingar knytta til landbrukseiendommar må dekkast av det offentlege.**



# Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION



*Frå Sygard Grytting og Aga-tunet*

## D) Vår felles matkultur

### a. Norsk Smaksskule

Smaksskulen er ein aksjon retta mot barn i barnehagar og grunnskule, der vi ønskjer å inspirere til interesse for mat- og råvarekunnskap som ein del av identitet og kulturarv. Det er viktig å lære barn til å setja pris på dei norske råvarene, dei naturlege smakane og den særnorske matkulturen.

Så langt har meir enn 700 lærarar og barnehagelærarar frå heile landet blitt kursa og over 75 000 barn og unge har blitt engasjert i smakens teneste. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Sparebankstiftelsen DNB og Nærings- og Fiskeridepartementet.

Kurshaldarar er profilerte kokkar som Arne Brimi, Frode Selvaag, Jørn Lie og Wenche Andersen, saman med dr Agric Einar Risvik frå NOFIMA.

I 2017 fekk Norsk Smaksskule tilskott pålydande kr 500.000,- frå Nærings- og Fiskeridepartementet og tilsagn om gåvemidlar pålydande kr 2.800.000,- frå Gjensidigestiftelsen til kosthaldsprosjekt i Norsk Smaksskule med oppstart 1. januar 2018.

**Å sikre drifta av smaksskulen blir difor viktig for så mange !  
Langsiktig og forutsigbar finansiering over statsbudsjettet vil vera avgjerande.**

### b. Høgskulestudiet i tradisjonsmat og matkultur

Vi i Norsk Kulturarv har engasjert oss saman med **Arne Brimi** i et ønskje om å få på plass eit **høgskulestudium i tradisjonsmat og matkultur på Høgskolen i Lillehammer (HiL)**.

Dei har hatt studie tidlegare innan mykje det same.

Det siste var i Rauland. Dette vart lagt ned.

Det er på bakgrunn av akkurat det at initiativet vart teke over for HiL.

Bodil Nordjorde og Ellen Nordstoga frå mitt styre er faglege bidragsytarar så langt.

### Målsetting

- Utvikle eit studium innanfor tradisjonsmat og matkultur, knytta opp mot næring
- Auke kunnskapen om norsk matkultur
- Kommersialisering – fra matkultur til næring !
- Delmål.... Auke kunnskapen om matkulturens betydning i reiselivet (styrke forskning)



# Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

## Innhald

- Fokus på matkultur og verdiskaping knytta til dette
- Ikkje berre om praktisk matlaging, men og entreprenørskap, forretningsutvikling etc.
- Modulbasert 15-30 studiepoeng
- Få kunnskap om tradisjonsmat, korleis tilberede, lokal identitet, sesongvariasjonar
- Få kunnskap om formidling/ historiefortelling/ vertskapsrollen
- Foredling - Produktutvikling, verdiskaping, gründer/entreprenørskap, merkevarebygging, distribusjon
- Fagressursar: Arne Brimi blir ein nøkkelperson, HIL og mange andre

## Målgrupper nasjonalt (og internasjonalt!)

- Lærarar innan mat- og helsefag i grunnskulen
- Lærarar innan kokkefaget/ restaurant – og næringsmiddelfag
- Produsentar (primernæringane) og samvirkeorganisasjonane
- Foredlarar/ industrien
- Matvarelevrandørane/ kjedene
- Kokkar, servitørar, f&b
- Hanen-bedriftene, Norsk Kulturarvs medlemsbedrifter, De historiske Hotell .....
- Mat- og drikkeinteresserte over det ganske land ]

## E) KULTUR & REISELIV - KULTURISME

Eit godt samarbeid mellom kultur og reiseliv vil bidra til at vi er i stand til å utvikle kulturturisme i Norge basert på kvalitet og bredde. Det vil gje oss fleire besøk og gjenkjøp, auka omsetning og verdiskaping, fleire investeringar på området, og ikkje minst meir lønnsame reiselivsprodukt. Eit velpleia og tilgjengeleg kulturlandskap, kulturarven vår og kulturminnene er avgjerande bestanddelar i framtidens reiselivsprodukt. Dette er «krydderet» !

### a) Samarbeidsråd for kultur og reiseliv

Det oppnevnte samarbeidsrådet for kultur og reiseliv skal fokusere på samarbeid mellom reiselivs- og kulturaktørar med eit kommersielt potensiale som fremmar kulturturisme.

Rådet skal levere innspel som kan bidra til å styrke politikktutforminga på kultur- og reiselivsområdet.

- Sjå på moglegheiter og utfordringar innan kulturturismen.
- Foreslå konkrete tiltak som kan bidra til å auke omfanget, kvaliteten og tilgjengelegheta på kulturbaserte reiselivsprodukt.
- Sjå på korleis auka kompetanse blant aktørane, meir effektiv formidling av kulturprodukt og synleggjering av kulturtilbodet kan bidra til å styrke kulturturisme som del av eit attraktivt reiselivsprodukt.
- Sjå nærare på korleis samarbeid mellom kultur og reiseliv kan bidra til å utvikle produkt som fremmar eit heilårleg reiseliv.
- Levere innspel som legg til rette for eit styrka samarbeid og tverrgåande løysningar for kultur- og reiselivsaktørar over heile landet.

**Det er ei kjensgjerning at vi innan kulturvernet har etterlyst vår plass i dette arbeidet. Det er beklageleg – og betenkeleg – at ein ikkje har sett verdien av å gje oss plass til å delta og bidra i samarbeidsrådet.**





# Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

## b) Fellesgode-finansiering i opplevelsesnæringane/ reiselivet

Verdien av ein reise til ein plass er avhengig av kva slags tilbod som finns på staden.

Kva betalingsvilligheit gjesten har for ei hotellseng, avheng av om det finns for eksempel skiheis, gode restaurantar og eit godt løypenett på staden.

**Tilfanget av og kvaliteten på ikkje-kommersielle natur- og kulturgoder i området vil svært ofte vera vel så viktig.**

I Norge er spørsmålet framleis korleis ein skal tilrettelegge, finansiere og drifte oppgåver som kjem brukarane/ gjestane til gode.

- Destinasjonsutvikling og profilering
- Turistinformasjon (på staden, på nett, i form av brosjyremateriell, kart, skilting etc.)
- Tilrettelegging, skilting og kart til stiar og løyper
- Sjøppelhandtering
- Sanitære forhold
- Oppgradering av offentlege rom

Svært ofte vil den generelle profileringa ha høgast prioritet.

Saman med utforming av reklamemateriell og produktmarkedsføring står markedsaktivitetane sentralt. Det same gjer vertskap og turistinformasjon, stadutvikling og innovasjon (utvikling av nye opplevelsestilbod).



**Aller fyrst må ein innsjå at det er dei økonomiske verdiane som blir skapte i opplevelsesnæringa som må finansiere fellesgodene.**

Ei «omsetningsavgift» er truleg den mest fornuftige finansieringsformen fordi den sikrar at vi får eit rimeleg samsvar mellom kven som nyter godt av fellesgodene på reisemålet, og kven som betaler for dei.

Ei omsetningsavgift framstår dessutan som resultatbasert for fellesgodeprodusenten; Jo betre fellesgodeproduksjonen er, desto større omsetning, og dermed desto meir pengar til fellesgoder.

Ein finansieringsmodell må frigjera organisasjonane si tid, slik at dei kan bruke ressursane sine på operative aktivitetar – Utvikle og selja attraktive reiselivssteder.

Å finne ei robust og varig løysing på fellesgodeutfordringa i reiselivet, må difor vera ei prioritert oppgåve som må løysast av bedriftene og lokale og nasjonale myndigheiter i fellesskap.

- **Korleis skal ei «omsetningsavgift» krevast inn ?**
- **Kjem vi utanom ein turistskatt i Norge ?**
- **Kven tør ta diskusjonen ?**



## 4. ØKONOMISKE RAMMEBETINGELSER

«Det som blir ansett som verdiløst i dag kan bli sett på som verdifullt om nokre år.  
Våre kulturminner er ein ressurs som ikkje er fornybar.»  
Simen Bjørgen, direktør Norsk Kulturminnefond

### A) Riksantikvarens og Kulturminnefondets rammer

**Riksantikvaren** – Direktoratet for kulturminneforvaltning – er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgjevar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken.

Riksantikvaren har og ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført, og har eit overordna fagleg ansvar overfor kommunane, fylkeskommunane, Sametinget, Sysselmannen på Svalbard og forvaltningsmusea på kulturminnefeltet.

**Norsk kulturminnefond** er eit viktig virkemiddel for bevaring av privateigde kulturminne, og får si bevilling over statsbudsjettet gjennom eiga tildelingsbrev frå Klima- og miljødepartementet. Midla blir brukte til tildeling av prosjektmidler og drift.

Norsk kulturminnefond er oppretta for å gje tilskot til verneverdige kulturminne og kulturmiljø, og skal:

- stimulere til auka verneinnsats frå eigarar og næringsliv
- bidra til å sikre at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø blir bevart og aktiviserte som grunnlag for opplevelse, kunnskap, utvikling og verdiskaping
- støtte prosjekt der det er samspel mellom offentlege og private aktørar

Går ein inn og ser på kor mykje private midlar dei statlege insentiva frå fondet løyser ut, kjem det fram at i eit gjennomsnittleg prosjekt kjem 28 prosent av midlane frå staten gjennom kulturminnefondet. 72 prosent av det som skal til for å setje objektet i stand, kjem frå eigaren sjølv i form av eigne midlar eller eigen innsats på prosjektet.

Med andre ord; **Ei krone brukt på kulturminnevern, genererer ca tre kroner frå andre kjelder – Ytterlegare aktivitet i lokalsamfunnet.**

**Dei økonomiske ramene for Riksantikvaren og Kulturminnefondet er avgjerande for å nå dei nasjonale målsettingane innan kulturminnevernet.**

### B) Skatt- og avgiftslette

- **SNK** meiner og at det må til endring i skatte- og avgiftsreglane, slik at eigarar av kulturminner får skrive av vedlikehaldsutgifter på skatten.
- **Det bør innførast momsfratak på kjøp av varer og tenester.**



# Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

## C) Eiendomsskatt på verna og freda kulturminne

**Eigarane av freda og verneverdige kulturminne tek på seg eit stort ansvar på vegne av og oppdrag frå fellesskapet. Riksantikvaren har i mange år oppmoda kommunar i heile landet til å ikkje eigedomsskattleggje freda hus. Det er imidlertid ikkje forankra i noko lovverk.**

Såkalla verneverdige bygningar, utan formelle vernevedtak hamnar ofte i ei gråson i desse debattane. Det blir opplevd som urettferdig at alder på huset blir lagt til grunn, då alder på huset ikkje naudsynt vis er nokor god rettesnor. I delar av Nord-Norge representerer gjenreisningshusa etter krigen ein viktig del av vår nasjonale historie. I innlandet kan vi finne laftahus datert mange hundre år attende, medan ein langs kysten har færre så gamle hus av naturlege, klimatiske årsaker.

Norsk Kulturarv har ikkje noko meining om det generelle eigedomsskattnivået i Norge, men vi finn det rimleg at eigarar av freda og verneverdige kulturminne får lette i eigedomsskatten.

Norsk Kulturarv registrerer at regjeringserklæringa til Høyre, KrF, Fremskrittspartiet og Venstre slår fast at partia ønskjer å styrkje kulturminnevernet i kommunane og fylkeskommunane.

På vegne av eigarar av freda og verna kulturminne i Norge, ber vi derfor om at eigedomsskattlegging av freda og verneverdige hus blir lagt om.

- **Alle freda kulturminne må automatisk få fritak for eigedomsskatt.**
- **Kulturminne som blir vurderte til å ha ein slik verneverdi at dei blir trekte inn i kommunen sin kulturminneplan, blir friteke frå krav om eigedomsskatt.**

## D) Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket («SMIL-ordningen»)

**Stiftelsen Norsk Kulturarv er opptatt av totalproduktet som blir levert av landbruket, slik som matproduksjonen, kulturlandskapspleia og andre miljøverdier, opplevingar og ivaretaking av viktige delar av kulturarven vår.**

Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut frå lokale målsettingar og strategiar.

SMIL-ordninga er ei ubyråkratisk og svært effektiv tilskotsordning som utløyser stor eigeninnsats i form av eigne midlar og arbeid.

Sidan SMIL-ordninga vart innført i 2004 er mange flotte og viktige kulturminne blitt redda frå kritisk forfall. I svært mange tilfelle har tilskottet over ordninga vore heilt avgjerande.

Bygningane og kulturlandskapsverdiane er viktige ressursar for landbruket samla sett, men òg for kvar enkelt gardbrukar. Særleg er bygningane ein viktig del av ressursgrunnlaget i landbruket, og gjev moglegheiter for «fleire føter å stå på» for brukaren nå og i framtida.

Ressursane knytta til ordninga bidreg til viktig verdiskaping, både på gardsbruket og i nærområdet. Størsteparten av midlane blir brukte lokalt.

- **Stiftelsen Norsk Kulturarv er veldig opptatt av at søkelyset på og løyvingane til kulturlandskapstiltaka i SMIL-ordninga blir styrka.**
- **Det må sikrast at kulturminna som blir liggande utanfor den tradisjonelle gardsdrifta også skal vera søknadsberettiga til SMIL-ordningen.**



# Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

## E) SAMORDNING PÅ KULTURMINNEFELTET

Norsk kulturarv meiner arbeidet med den unike kulturarven vår ville bli meir oversiktleg og enklare å handsame dersom dette vart lagt under eitt departement.

Det er eit «særnorsk» fenomen at kulturminnevernet ligg til Klima- og miljødepartementet.

Ikkje minst det at kulturvernorganisasjonane i Norge blir sett på som miljøvern-organisasjonar meir enn kulturvern-organisasjonar.

I dei aller fleste land ligg kulturminnevernet til kulturdepartementet.

Vi føler sterkt at det er veldig utfordrande og uoversiktleg at arbeidsområdet vårt grip inn i så mange forskjellige departement.

- **Klima- og enrgidepartementet** – (hit «soknar vi», og får vår grunnstøtte frå her)
- **Kulturdepartementet** (musea)
- **Kunnskapsdepartementet** (skule og utdanning)
- **Næringsdepartementet** (Innovasjon Norge, Visit Norway)
- **Landbruks- og matdepartementet** (verneverdige bygg i landbruket, SMIL-ordningen, kulturlandskap)
- **Samferdselsdepartementet** (rullande kulturminne)
- **Forsvarsdepartementet** (landets største eigar av kulturminne)

## F) NYE MÅLSETTINGAR - "2030-MÅL"

**Kva nasjonale mål skal setjast for kulturminnevernet i den nye stortingsmeldinga ?**

- Tapet av verneverdige kulturminne må minimerast !
- Kva med vedlikehaldsnivået på automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne ?
- Eller kva omfang skal det vera på framtidig vedtaksfredningar ?
- Kva vedlikehaldsnivå skal vera på freda bygningar, anlegg og fartøy ?

Fortidsminneforeningen anslår at 1,5 prosent av kulturminna våre går tapt årleg. Det er tre gonger så mange som Stortinget tidlegare har vedteke som akseptabelt. Vi har med andre ord ein jobb å gjera på så mange områder. Ikkje minst i det viktige arbeidet med å få på plass utdanning innan viktige tradisjonsfag.

Det at både miljøregnskapet og samfunnregnskapet knytta til kulturminnevernet er så positivt, syner at her må vi stå på.

Regjeringa har innrømt at framdrifta i fleire av bevaringsprogramma har vore svakare enn ønskjeleg.



# Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION



Frå Ytste Skotet og Årvoll Gard

## G) DET REGIONALE LEDDET/ REGIONREFORMEN

Ekspertutvalget for regionreformen foreslår overføring av oppgåver og virkemiddel frå ei rekkje statlege etatar. Et er sagt at oppgåvene skal utvide og komplettere fagområde der fylkeskommunane allereie i dag har eit ansvar. Dette omfattar oppgåver innan næring, innovasjon og forskning, kompetanse, integrering, kultur, folkehelse, samferdsel, klima og miljø. Utvalget meiner at dette vil leggje til rette for ei styrka samfunnsutvikling i alle delar av landet.

Fylkeskommunane er regional kulturminnemyndigheit, er delegert myndigheit etter kulturminneloven og har ansvar for store delar av førstelineoppgåvene knytta til arkeologi og bygningsvern. Kulturdepartementet har varsla ei kulturmelding som bl.a. skal vurdere ny ansvars- og oppgåvefordeling på kulturområdet.

- Ekspertutvalget for regionreformen foreslår at førstelineoppgåvene på kulturminnefeltet i hovudsak skal leggest til fylkeskommunane.
- Utvalget foreslår og at ansvaret for relevante tilskotsordningar skal leggest til fylkeskommunane.

Når Norsk Kulturarvs rapport «Vern gjennom bruk – Hva hindrer næringsvirksomhet med utgangspunkt i kulturminner» set fingeren på at ei av utfordringane i tilrettelegginga er varierende kompetanse og grad av løysingsorientering, er det grunn til uro.

**Vil dette bli forsterka ? Vil regionreformen kunna gje oss meir av ting som pr dags dato ikkje er godt nok/ ikkje fungerer godt nok ?**





Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

**STIFTELSEN NORSK KULTURARV**

**Erik Lillebråten**  
Direktør

Tlf 909 71 257

E-post: erik@kulturarv.no

Besøksadresse: Ullinsvin, Edvard Storms veg 26 – 2680 VÅGÅ

Postadresse: Postboks 26 – 2684 VÅGÅ

[www.kulturarv.no](http://www.kulturarv.no)



THE BEST IN HERITAGE  
IN PARTNERSHIP WITH EUROPA NOSTRA

VERN GJENNOM BRUK